

TEATER

BENT KVALVIK



Det er Guri Johnson som heile tida formidlar ein menneskeleg substans under gjøglaryta. Foto: Hålogaland Teater

Familiedrama i komediens teikn

Twigs har vorte ein frodig, nordnorsk folkekomedie bygd på eit amerikansk divashow.

TEATER

HÅLOGALAND TEATER:

Twigs – hele hælvetes slekta

AV GEORGE FURTH

OMSETJING OG IRETTELEGGING:

RAGNAR OLSEN

REGI: TROND LIE

Den amerikanske komedien *Twigs* var midt på 1970-talet ei triumfferd for Wenche Foss – eit svimlande høgdepunkt i ein karriere der suksessane alt hadde vore tallause. Stykket er eigentleg ein syklus av fire einaktarar, der vi møter tre søstre og mor deira i tur og orden, spela av den same skodespelaren. Nokon raud tråd utover dette har stykket eigentleg ikkje, og den gongen tenkte vi vel at stykket hadde vore tynnare enn vatn om ikkje Wenche Foss hadde spela det.

No har Hålogaland Teater teke sjansen på å setje opp att *Twigs*. Dei har gjeve det ein heimleg nordnorsk koloritt, og divafaktoren er på eit vis tona ned ved at mannsrollene òg vert spela av dei same skodespelarane akt for akt. Slik vert det denne gongen ein trio – ikkje berre éi diva – som leikar seg gjennom komedierittane. *Twigs* er i den effektive regien til Trond Lie traustare og meir kontant enn i framsyninga til Wenche Foss, men i den nye versjonen ser vi òg at stykket faktisk har eit menneskeleg varmeelement. Det toler godt å hentast fram att.

IKKJE PROBLEMFRI

Å la ensemblen vere det same stykket igjennom er morosamt, men ikkje heilt problemfritt. Vi merkar tydeleg at stykket er skriva for ei primadonna. Dei fire kvinnerollene er skrivne med ein kombinasjon av individuelle særdrag og typiske fellestrekk som gjer dei til ei gullrik ønskerolle for ein god kvinnelig skodespelar. Mannsrollene har ikkje desse fellestrekk, og

dei er heller ikkje frå forfatteren si side utforma med same kjærleik og djupn. John Sigurd Kristensen spelar flyttemann, dauvhøyrte nabo og prest med presis, smålåten humor, og Kristian Frederik Figenschow legg heile sin folkekommiske sjarm i å forsvare tre ulike ektemenn og ein potensiell ny kjærast. Det er likevel ikkje til å kome forbi at det er Guri Johnson, som dei tre søstre og mor deira, som i tillegg til det komiske overskotet heile tida formidlar ein menneskeleg substans under gjøglaryta.

I ein god og ekte komedie ligg det alltid ein liten klump i halsen på lur bakom låtten, det er vel såleis nok å nemne Charlie Chaplin som stikkord. Guri Johnson har denne underteksten på plass frå første stund. Frå den energiske, men openbert einsame Ebba Margot, til den pratsamt nevrotiske Ellinor, den vemodsmuntre Elise og den kontante, nøkterne mora i siste akt, ser vi verkeleg livet i eit nøtteskal. Andreakta med Ellinor i fokus er nok den som rører aller mest, av di Ellinor både er den blidaste og den

– godt undertrykt – mest ulukkelege av dei fire kvinnene. I denne akta balanserer den breie folkekomedien mot det bitre samlivsdramaet på merkeleg, fascinerande vis, og her er det òg Kristian Fr. Figenschow når lengst i karakterutdjuvinga.

NORDNORSK VINKLING

Ragnar Olsens nordnorske vinkling av originalteksten er gjort med klok og vittig heimstamm-skjennskap. I tillegg til at det gjev ei god, intim miljøkjensle, tilfører det stykket ein poengtert revyhumor. For å ta ut denne humoren lyt ein ta sjansen på ikkje alltid å vere såkalla politisk korrekt. Her får vi svelge unna at det vert sagt både «neger» og «tullefritte». Men lat gå, dette er like fullt, eller kan hende først og fremst, ein varm komedie om kvardagsmenneske. Framsyninga er utseld fram til sommaren. Det kan vi godt forstå.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkivar og fast teatermeldar i Dag og Tid.



Dei nynorske festspela

29. juni–2. juli 2017

Volda og Ørsta

Tema: Tabu Festspeldiktar: Lars Mæhle

Program og tinging av billetter: festspela.no




Foto: S. Luksengard, Aasen-tunet, A. Brun